

**Organisasjons nr. 992 443 774.**  
**Bankkonto 1503.51.65646.**

Årleg utdannings- og yrkesvals messe for kommunane Austevoll, Bjørnafjorden, Samnanger og Tysnes.

**Arrangerast 4. og 5. november 2026**  
**i Nore Neset Aktivitetshus,**  
**Hagavik i Os**



Bjørnafjorden



Samnanger



Austevoll



Tysnes

**Messa** skal visa kva for bedrifter, offentlege verksemdar og utdanningsinstitusjonar som finns i Bjørnafjordområdet og tilgrensande område. Dette kan vera bedrifter med særlege rekrutteringsbehov, og bedrifter som kan henda berre ønskjer å profilera seg i høve til ungdom og foreldre. Ein viktig funksjon på messa vil vera å synleggjera mogelege lærlingplassar i bedriftene.



**BKK**



**METIS**

Messa si **Målgruppe** er elevar frå alle ungdoms- og vidaregåande skular i regionen. For desse elevane vil det å delta på messa bli ein del av skuledagen. Messa vert ein del av pensum i Utdanningsfaget i ungdomsskulen. Elevane skal førebu seg til messevitjinga, og messa vil bli følgd opp i undervisninga. Det er om lag 1400 elevar i denne kategorien. Elevar frå skular i tilgrensande område vil og bli inviterte til messa.

Elevane i ungdomsskulen skal fortsetta utdanning i ein vidaregåande skule som har eit tilbod som eleven ønskjer. Frå år til anna ligg talet på vidaregåande skular som har stand på messa på rundt 20.

Ei anna målgruppe er vaksne som ønskjer påfyll av utdanning, omskulering eller rehabilitering. På messa vil dei møta utdanningsinstitusjonar som byr på vidareutdanning og bedrifter som byr på nye alternative yrkesfelt for dei unge.



**LYSNA**

## Skule og samfunn / næringsliv

I forrige messebrosjyra (H-25) vart det antyda at eit yrkesfagleg kunnskapssenter skulle opnast i Molde. Det vart opna 20.august i 2025. Senteret er utvikla i samarbeid med utdanningssektoren og partane i arbeidslivet og skal bli ein nasjonal motor i utviklinga av yrkesfaga, og NHO står klar til å bidra.

**Kompetanse** er ikkje eit enkelt omgrep. Vi har mange arbeidslause, samstundes som vi har yrkesfelt som skrik etter arbeidskraft. Korleis skal ein få kunnskap om kva som er den viktigaste/luraste kompetansen å søkja?

HK-DIR har gåande eit forskningsprosjekt knytta til «vidareutdanning for fagarbeidare». Mellombels resultat når det gjeld fullførte fag der ei gruppe kunne oppnå stipend på inntil 50 000 kroner og rettleiing (Gr 1), ei anna gruppe fekk spesiell info om utdanningsmoglegheiter og karriere-rettleiing (Gr 2), og ei tredje gruppe som ikkje fekk noko(=kontrollgruppe Grp 3), viser at det er signifikant fleire kvinner enn menn som velger både å starte vidareutdanning og som fullfører, enn menn. Det er også ein klar samanheng knytt til kva slags fag kvinnene tilhøyrer. Dei som «held ut» og fullfører er knytta til økonomisk administrative fag; og håndverks-tekniske og naturvetenskapelege fag. Forskinga skal vara til 2029.

Bjørnefjorden utdanningsmesse meiner at messa kan sidestillast med hendelsene i (Grp 2)(utdanningsmoglegheiter og karriere rettleiing) sjølv om *nivåa* det foregår på naturleg vil vera ulike i starten og i slutten av eit studium.

Det at kvinnene/jentene skil seg ut er vi ikkje forbausa over.

*Der det flokkar seg rundt utstillarane står det flest jenter!*

(<https://www.kompetansebehovsutvalget.no>)

**I Bjørnafjordregionen** ligg fleire av dei leiande bedriftene i landet innan maritime aktivitetar. Her finn vi sterke teknologiske miljø som er retta mot olje- og gassutvinning i

Nordsjøen, ein stor havfiskeflåte med tilhøyrande fiskeindustri og ei omfattande oppdrettsnæring

I tillegg til dette er her ei allsidig næringsverksemd og offentlege aktivitetar i regionen. Det er vanskeleg å sjå framover i kryssfeltet mellom industri og natur. På det maritime og det maritimt/biologiske feltet trengs det fortsatt mange arbeidande hender. I «oljo» ligg det truleg mange kampar framom oss. Men feltet er høgteknologisk og mykje av kunnskapen, og folka kan truleg brukast på andre felt både på land og i sjø, sjølv om inntjeninga knapt vert så stor som i dag.



**Os vidaregåande skule**



**Forsvar og sikkerheit**

## Rettleiing til utstillarar og annonsørar

Heimesida vår er å finna på:

<http://www.bjørnefjorden-utdanningsmesse.no>

Standard stand er 3 m brei med sideveggar på 1,5 m. Standen kan utvidast i modular på 1,5 m. Straum, internett-tilkopling, bord og stolar er inkludert i prisen. Middag onsdag 4. november er også inkludert i prisen.

Standard stand kostar kr.5000,-. Utviding per 1,5 m kr 2500,- (Tilsvavar ein halv standard stand). I lista over utstillarar vil namna kunne søkjast direkte på internett.

Utstillarar og andre kan støtta Lions humanitære arbeid ved å kjøpa søkbar annonseplass med logo på heimesida for kr 2000,-.

Skjema for bestilling av stand og annonse er lagt ut på vår heimeside.

Påmeldings **FRIST: 30.september**

Påmeldingar registreres fortløpande. For å unngå «forsinkande mellomledd», send påmeldinga direkte til [solberg.per@outlook.com](mailto:solberg.per@outlook.com)  
Plassbegrensningar i messehallen gjer at ein kan risikere å ikkje få plass, enno før dato for påmeldingsfristen er nådd.

### Kontakt oss

Prosjektleiar

Per Solberg

[solberg.per@outlook.com](mailto:solberg.per@outlook.com)

Prosjektansvarleg

Thorleif Eikeland

[thorleif.eikeland@gmail.com](mailto:thorleif.eikeland@gmail.com)

Kasserar

Signy Størdal

[signy@signy.no](mailto:signy@signy.no)

Logistikk

Ånon Valle

[aanonvalle@gmail.com](mailto:aanonvalle@gmail.com)



Austevoll Elektro

LIONS CLUB OS er arrangør av



Økonomisk overskot frå messa går i si heilheit til LIONS sitt humanitære arbeid lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Som utstillar og/eller annonsør støttar du dette arbeidet.

**Alle bileta er henta frå messa i 2025**